

# MUNNHARPA

Nr. 54 - 14. årgang - 2012



## Musik aus 'm Alpenraum

MELDINGSBLAD FOR NORSK MUNNHARPEFORUM

## Multiharper



Foto: Bernhard Mikuskovics

Bernhard Mikuskovics er ein roynd munnharpespelemann i Østerrike og medlem i Österreichischer Maultrommelferein (Østerrike): <http://maultrommelferein.at/> Bernhard spelar i mange stillingar, og meistarar og teknikkane med å spele på fleire munnharper i same melodien. Dette er ein tradisjon som du finn i distrikta i Alpene: ein tenker akkordisk/harmonisk – der akkompagnementsinstrumenta skifter akkord skifter



munnharpien mellom tilsvarende harper. I t.d. A-dur vil dei viktigaste harperne vere stemte i E – A – D. Den som spelar slår på fjøra med ulike fingre, ettersom grepet og melodien krev det.



## Parthia für acht Instrumenten

Ein dag låg det ein liten brun pakke frå redaktøren og venta på meg i postkassa. Inne i pakken låg det eit partitur og ein CD Klingende Kostbarkeiten aus Tirol 1. Partituret var Parthia für acht Instrumente, av komponisten Johann Heinrich Hörmann. Det låg også ei venleg oppmoding om å skriva noko om dette for Munnharpa. Og som vanleg: Han måtte ha bidraget aber sofort.

Dette er svært interessante saker for munnharpe-entusiastar. Vi veit at munnharpespel har ein lang tradisjon som forsvinn attende i det historiske mørke. Det som vart spela veit vi lite om, det var tradert musikk, spela av almenta, munnharpa var eit lågstatusinstrument. Komponert musikk fins det heller lite av. Vi veit om Johann Georg Albrechtsberger, som levde frå 1736-1809 i Austerrike, og som skreiv fleire konsertar for munnharpe og ei lita gruppe av andre instrument. Det fins nokre få innspelningar av desse på CD.

Hörmann veit vi mindre om. Han levde også i Austerrike, men noko tidlegare, frå 1694 til 1763. Det er ikkje så mykje musikk att etter han, men har lagt igjen ein juvel i musikksamlinga til Tiroler Landesmuseum Ferdinandeum: Parthia ab VIII Instrumentis. Instrumenta er ikkje mindre interessante: II Flautis ordin., II Violin con Sordinis, II Violin pizzicat., I Crebalo unisono, I Basso continuo. Omsett til norsk: 2 blokkfløyter, 2 fiolarar med sordin (dempar), 2 fiolarar spela pizzicato (dvs. ein plukkar strengene, utan boge), 1 munnharpe og 1 cello (eller bassgambe). Instrumenta på den tida hadde svakare lyd enn våre dagars instrument. Fiolinane var dempa (sordin) eller spela pizzicato (som også gjev ein svakare lyd med kort varighet), det har nok vore godt mogeleg å høyra munnharpa opp i alt dette.

Partita er eit vanleg namn på ei samling instrumentestykke. Parthia har åtte satsar: Intrada, Menuetto, Barlesca, Rigaudon, Polonaise, Rondeau og Gigue. Dette er ei heilt vanleg samling av ulike dansar. Det kan henda at dette har vore musikk til dans i Hofburg i Innsbruck, det kan også vera at det var musikk som skulle underhalda. Eg har ikkje studert partituret i detalj, men inntrykket er at dette er typisk tidleg barokk, vendingar og harmoniar er lette å kjenna igjen. Det er ikkje rett å seia at det er stor musikk, men det er ingen grunn til ikkje å spela den, og som musikkhistorisk dokument for oss munnharpespelarar er den særst viktig. Musikken er gjennomgåande skriven i c-dur, med unntak av ein trio som er satt inn i menuetten. Denne går i c-moll (tre b-ar), her får munnharpa eit friminutt. Omfanget på munnharpestemma går frå g0 til d2, dvs. frå tone 6 til tone 18. Alle tonane vert nytta, med unntak av nr. 7. I hovudsak spelar munnharpa unisono med fløyte 1. Teknisk sett er det ikkje den store utfordringa for ein nokolunde røynd munnharpespelar.

På CD'en er det ei innspeling av Parthia frå 1971. Den gjev eit godt inntrykk av musikken. Det vil likevel vera leit om det ikkje kjem andre innspelningar. Det vert nytta moderne instrument, som er sterkare og kling aneileis enn dei instrumenta Hörmann komponerte for (diåfor så står det på det transkriberte partituret at munnharpa skal doblast). Framføringa av musikken er ikkje i samsvar med det ein no veit om korleis denne musikken vart framført, t.d. med omsyn til ornamentikk og stil. Munnharpespelaren held seg til notane, men gjer av og til små variasjonar ved repetisjonar. For entusiastar ligg det eit ope felt for vidare utforskning. Då må ein ha tilgang til faksimile av originalmanuskriptet. På nettet ligg det t.d. ein dårleg leseleg faksimile av munnharpes-

tema som indikerer ein interessant notasjon for munnharpa. Ein må finna fram til kva for instrument Hörmann kan ha skriva for. Ein må finna fram til kva for ornamentikk og andre stiltrekk som har vore nytta. For munnharpespelaren vil utfordringa vera å overføra denne stilen og ornamentikken til munnharpa.

Kven tek utfordringa?

*Olleiv Haraaland*

Redaktør:

Takk til Vladimir Markov som gjorde oss merksame på denne komposisjonen.





p. 10-11:

### Parthia für acht Instrumenten

One day there was a small brown package from the editor waiting for me in my mailbox. Inside the package was a score and a CD *Klingenden Kostbarkeiten aus Tirol 1*. The score was *Parthia für acht Instrumenten*, the composer Johann Heinrich Hörmann. There was also a friendly request to write something about this for *Munnharpa*. And as usual, he had to have my contribution, aber Sofort.

These are very interesting issues for munnharpe enthusiasts. We know that the playing of the Jew's harp has a long tradition of going back into the historical darkness. How it was played we know little about, it was the music of oral tradition, played by the general public, and the Jew's harp was an instrument of low social standing. There is rather little of composed music. We know of Johann Georg Albrechtberger, who lived from 1736-1809 in Austria, and who wrote several concerts for Jew's harp and a small ensemble of other instruments. There are a few of these recordings on CD.

We know less about Hörmann. He also lived in Austria, but somewhat earlier, from 1694 to 1763. There is not much music left behind him, but there is a gem in the music collection of the Tiroler Landesmuseum Ferdinandeum: *Parthia ab Instrumentis VIII*. The instrumentation no less interesting: II Flautis ANNUAL., II Violin con Sordinis, II Violin pizzicat., I Crembalo unisono, Basso continuo in. Translated into Norwegian (English): 2 recorders, 2 violins with mute (mute), 2 violins playing pizzicato (ie. one picks the strings, no bow), a munnharpe and a cello (or gambe). Instruments at the time were weaker and quieter than today's instruments. The violin was muted or playing pizzicato (which also gives a weaker sound of short duration), it has probably been possible to hear the Jew's Harp through all this.

Partita is a common name for a suite of instrumental pieces. Parthia has eight movements:



Intrada, Menuetto, Burlesca, Rigaudon, Polonaise, Rondeau and Gigue. This is a quite usual arrangement of different dances. It may be that this has been music to dance to in Hofburg in Innsbruck, it could also be that it was music that would simply entertain keep. I have not studied the score in detail, but my impression is that this is typical of early baroque, phrases and harmonies are easy to recognize. It is not right to say that this is great music, but that is not reason not to play it, and as a music historical document for us munnharpe players it is very important.

The music is written in C major, with the exception of a trio that is inserted in the minuet. This is in C minor (three b-flats), here the Jew's harp has a break. The range of the Jew's harp part covers G0 to d2, that is, from 6 to 18 in the harmonic series. All tones are used, with the exception of no. 7 The Jew's Harp mostly plays in unison with the flute 1. Technically, this is not the major challenge for a fairly experienced munnharpe player.

On the CD there is a recording of the Parthia from 1971. It gives a good impression of the music. Hopefully there will be other, and better recordings. On the CD modern instruments are used, which are more powerful and sounding different from the instruments Hörmann composed for (therefore, the transcribed score states that the Jew's Harp voice should be doubled). The performance of the music is not consistent with what one now knows about how this music was performed, e.g. with respect to ornamentation and style. The Jew's harp-player sticks to his part as specified in the score, but sometimes does small variations in repetitions.

For enthusiasts, there is an open field for further exploration. You have to have access to the facsimile of the original manuscript. On the internet there is a poor, but readable facsimile of the Jew's harp voice indicating an interesting notation for Jew's Harp. One must find out what instrument Hörmann may have written for. One must find out what ornamentation and other stylistic elements that have been used. For the harp-player the challenge will be to transpose



this style of ornamentation to the Jew's Harp.

Who will answer the challenge?

*Oddvin Horneland*

The editor would like to thank Vladimir Markov who brought this composition to our attention!

**p. 13:**

Multiharper

Multiharps

Bernhard Mikuskovics is an experienced Maultrommler from Austria and member of the Österreichischer Maultrommelferein (Österrrike): <http://maultrommelverein.at/> Bernhard plays in many different styles and also masters the technique of playing on several trumps in the same tune. This a tradition found in the region of the Alps: one thinks in terms of chords and harmonic progression – when the accompanying instrument changes chords, the Maultrommler does the same with his trumps. E.g. in the key of A the most important chords/trumps would be E – A – D. The player hits the trigger with different fingers as required by the melody and the grip on the trumps. This technique also allows for change of key, which is impossible if you play on only one trump throughout the melody.